



LEIARKURS!

Vil du bli leiar i Ønsket og Elsket?

Kva er greia?

Kick-off og Konf.treff i Seljord, Konf.leir på Gjennestad. De var der som konfirmantar, og der møtte de og ungdomsleiarane i Ønsket og Elsket. No er det dykkar tur til å få moglegheita til å bli ein del av crewet vårt!

Så, om du lyst til å vere med på mykje moro, bli kjend med nye menneske, lære nye ting og utfordre deg sjølv. Om du vil få leiartrening og leiarkompetanse som vil vere nyttig i mange samanhengar, og ikkje minst har lyst til å vere ein del av verdas beste CREW, syns vi at DU skal melde deg på Ønsket og Elsket sitt Leiarkurs!

**Dette er noko av det du kan glede deg til,
som alle på Leiarkurs skal vere med på:**

- * Leiarkurstur 13.-14. okt. 2023
- * Konf. Kick-off, i Seljord, 28. okt. 2023
- * Leiarkurstur 17.-18. nov. 2023
- * Leiarkurshelg 2.-4. feb. 2024
- * Konf.treff, i Seljord, 16. mars 2024
- * Leiarleir 31 mai.- 1. juni 2024

*Notodden, Lisleherad, Heddal, Gransherad, Hjartdal, Seljord, Kviteseid,
Tokke, Rauland/Øyfjell, Vinje/Grunge:*

- * Leiar på Konf.leir L1 i veke 26:
23. - 28. juni 2024

Ulefoss, Lunde, Bø, Sauherad, Tinn, Rjukan, Nissedal, Fyresdal:

- * Leiar på Konf.leir L1 i veke 27:
30. juni - 5. juli 2024

** I tillegg må du rekne med inntil 9 timar i løpet av året til eigne samlingar/deltaking som leiar i kyrkjelyden der du bur.*

Alt dette er obligatorisk for dei som er med på kurset, og det er viktig å planlegge og sette av datoane allereie når ein melder seg på, og melde frå om det eventuelt er nokon datoar ein ikkje kan. Ved for mykje, eller ikkje meldt, fråvær kan ein miste moglegheita til å fullføre kurset.

I tillegg til dei obligatoriske samlingane, har vi fleire frivillige samlingar for leiarane, som de får tilbod om å bli med på, for eksempel:

* Julebord, 10. desember 2023

* Vinterleir i Hemsedal, veke 8, 2024

Kva kostar det?

Vi er på fleire leirar og turar i løpet av året, og det kostar pengar å dekke opphald, mat, transport og materiell. For dei som fullfører Leiarkurset blir mykje av kostnaden subsidiert av kyrkjelydane og Ønsket og Elsket, slik at du betalar ein **eigenandel på 1600,-** for det obligatoriske opplegget.

(Dette utgjer rundt 50% av totalkostnaden for kvar deltakar. Nokre av kyrkjelydane sponser og sine ungdomsleiarar med noko av denne eigenandelen, og alle kyrkjelydane har støtteordningar for de som evt. har vanskeleg for å betale for å vere med. Snakk med konfirmantansvarlig/presten i din kyrkjelyd for nærare detaljer).

PÅMELDING

Korleis kan du melde deg på?

Det er veldig enkelt, berre gå inn på heimesida vår, og meld deg på under "Påmelding til Leiarkurs":

<https://www.ovretelemark.no/Ønsket-og-elsket>

Vi håpar å sjå deg på Leiarkurs!

Har du spørsmål er det berre å ta kontakt med oss, eller med prest/konfirmantansvarlig i kyrkjelyden din.

Helsing Ønsket og Elsket Crewet

Hanna Versto Roheim

Ungdomsarbeidar i Ønsket og Elsket

Tlf.: 414 90 353 E-post: hanna@seljordkyrkje.no

Frist for påmelding: 1. oktober 2023

